

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
069/14	Levekårsutvalet	PS	02.09.2014
080/14	Kommunestyret	PS	18.09.2014
080/14	Levekårsutvalet	PS	08.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Anne Wergeland	14/6105

Kommunedelplan for skule 2014-2018 - framlegg til planprogram

Vedlegg:

Kommunedelplan for skule 2014-18 Framlegg til planprogram

Endring - rådmannen sitt framlegg til vedtak - kommunestyret 18.09.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for skule 2014 – 2018 vert godkjend

Levekårsutvalet - 080/14

LE - behandling:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (Anne Julie Hetland-H, Vetlemøy Wergeland-Krf, Asle Hetlebakke-Krf, Gudmund Husdal-Frp og Bjørn Brunborg-Åp).

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsvalet - 08.09.2014:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for skule 2014 – 2018 vert godkjend

Kommunestyret - 080/14

KO - behandling:

Innstillinga med presisering frå rådmannen

Framlegget vart vedteke mot 4 røyster.

KO - vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 blir planprogram for kommunedelplan for skule 2014-2018 sendt ut på høyring.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Saka vert lagt fram på bakgrunn av vedtak i kommunestyret 21.mars 2013 om rullering av kommunedelplan for skule og vedtak i formannsskapet 9.januar 2014 om omstillingsprogram for Lindås kommune.

Vurdering

Lindås kommune skal ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Om kommunen i framtida skal vere rusta til å møte dei utfordringane som kjem, må viktige val gjerast. I omstillingsprogrammet slik det vart vedteke 9.januar ligg det ei målsetting om å redusera driftskostnadene i kommunen. Dette kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestnivå eller endringar i organisering og struktur. Lindås har ein desentralisert og kostnadskrevjande skulestruktur. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Rådmannen ynskjer ei drøfting av skulestruktur i lys av dette perspektivet.

Rådmannen rår til at framlegg til planprogram vert godkjend.

